



Torfinn Myklebust tek avskil under det siste kommunestyremøtet – men så kom han tilbake likevel..(Foto: Ola Matti Mathisen)

Høgre-veteranen Torfinn Myklebust frå Uskedalen vil bli valt til ny leiar i den viktige Forvaltningskomiteen når kommunestyret konstituerer seg den 18. oktober. Men no kjem Myklebust til å representera det nye Innbyggjartiet (IP).

Det er leiar i partiet. Einar Saghaug, som opplyser om valet til innsida.no. Myklebust avløyser ein annan uskedeling som leiar i denne komiteen – Tove Lill Lakselv frå Framstegspartiet.

Då Myklebust takka for seg i siste kommunestyremøte og etter 28 år i lokalpolitikken trudde knapt nokon at han skulle få eit come-back – med utgangspunkt i syttandeplassen på IP-lista. Men veljarane fekk han inn som representant nummer fire frå partiet.

Saghaug sjølv vil gå inn i formannskapet.

Den politiske plattformen til fleirtalsgrupperinga vart fullført fredag og skal etter planen signerast 15. oktober. Måndag skal mindretalet fordela sine plassar i formannskap og andre utval.

Frå ein Uskedal-synsstad er det svært spanande om Kvinnherad Høgres leiar Gunn Mari Moberg vil få partiet sin plass i formannskapet framfor Arne Havnerås, som var ordførarkandidat. Ho rykka forbi han under valet. Her kjem også kjønnskabalen inn i biletet.

Av Ola Matti Mathisen